



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	19.04.2016
Tid:	13:30 – 18:50

Medlemer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Svein Gjelseth	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Per Kristian Furø	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Stig Arne Helsem Sævik	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Olaug Andreassen	Per Kristian Furø	AP

Andre:

Konst.rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Hilde B. Skinnes
Leiar for eigedomsavdelinga Robert Myklebust
Leiar for utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller
Planleggar Berit Sandvik Skeide
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Solveig Helen N. Båtsvik og Svein Gjelseth

Ole Brubakk etterlyste orientering frå Runde Miljøsender AS – Ordførar informerte at Runde Miljøsender AS har takka ja til ei orientering i neste formannskapsmøte 10.mai.

Camilla Storøy etterlyste sak om slamforskrift – leiar for utviklingsavdelinga informerte om at saka no er ferdig og vil kome til politisk handsaming i mai.

Reidun Myrvågnes hadde spørsmål om Herøy kommune har fått informasjon om at det skal etablerast nye regionale tannlegesenter – Administrasjonen vil sjå på dette.

Kjell Runde etterlyste orientering om framdrift i salg av Jacobsenhuset – Dette blir tatt opp i neste møte.

Svein Gjelseth ønskjer orientering om rammeavtalen med Aurvoll og Furesund AS – Ordførar informerte om at notat om saka er delt ut.

Svein Gjelseth har spørsmål kring pumpehuset på Almenningskaia – Dette blir tatt opp i neste møte

Svein Gjelseth ønskjer klargjering av vedtaket som vart gjort om åpningstider på rådhuset – Dette blir tatt opp i neste møte.

Ingen hadde merknad til at F-sak 77/16 om Herøy omsorgssenter – Blå avdeling – Mindre ombygging – Finansiering og F-sak 78/16 vert sett på saklista.

Konstituert NAV-leiar Alexander Måseidvåg orienterte om utvikling i arbeidsmarkedet i Herøy og aktivitetsplikt.

Stig Arne Helsem Sævik kom i møte kl 13.55 – under orientering frå NAV.

F-78/16 vart handsama etter F-sak 67/16.

Skriv delt ut i møte:

Uttale frå Fagforbundet i Herøy kring intensjonsavtalen «Runde kommune»

Notat datert 18.04.16 – Orientering om rammeavtale grunnentreprenørtenester

Saksframlegg 77/16 – U.off. §13 – Herøy omsorgssenter – blå avdeling – mindre ombygging – finansiering

Epost frå Hugo Brathaug datert 19.04.16 – Klage reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda

Orienteringar:

Orientering om rammeavtale grunnentreprenørtenester datert 18.04.16.

Kjell Runde fekk permisjon og gjekk frå møte kl 17:45 etter handsaming av F-sak 70/16.

Camilla Storøy fekk permisjon og gjekk frå møte kl 17:50 etter handsaming av F-sak 70/16.

Solveig Helen N. Båtsvik

Arnulf Goksøyr
underskrifter

Svein Gjelseth

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 62/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 63/16	Protokoll frå førre møte
PS 64/16	Referatsaker
PS 65/16	Avvikling av Dragsundbygg IKS - overtaking av selskapet
PS 66/16	Økonomisk avslutning - 51152 - Veg over Kleppeåsen
PS 67/16	Detaljreguleringsplan for gnr. 35, bnr. 31 mfl. i Fosnavåg - stadfesting av planprogram
PS 68/16	Detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad - slutthandsaming
PS 69/16	Plan for reduksjon i driftsutgifter/nedbemanning.
PS 70/16	Intensjonsavtale mellom Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven.
PS 71/16	Klage på vedtak - Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av FV 10 Moltustranda
PS 72/16	MS Ventura - Reservasjon av næringstomt i område SP1 på Leine fiskerihamn
PS 73/16	Reguleringsendring for Aspevika - Utleiing av planforslag til offentleg ettersyn
PS 74/16	IF Elektro - Reservasjon av næringstomt på indre Leine hamn
PS 75/16	Detaljreguleringsplan for deler av Kvalsvik hamn - offentleg ettersyn
PS 76/16	Detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka - offentleg ettersyn
PS 77/16	Herøy omsorgssenter - blå avdeling - mindre ombygging - finansiering
PS 78/16	Tilrettelegging for vidare utleige av Dragsundbygg

Referatsaker

- | | |
|----------|--|
| RS 22/16 | Status TV-aksjonen i Herøy |
| RS 23/16 | Orientering om vedtak i Samferdselsutvalet
03.02.2016 |
| RS 24/16 | Intensjonsavtalen for den nye kommuna |
| RS 25/16 | Godkjenning av intensjonsavtale mellom
kommunane Vanylven, Sande, Herøy,
Ulstein og Hareid |
| RS 26/16 | Orientering om rammeavtale
grunnentreprenørtenester |

PS 62/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 63/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 64/16 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre

PS 65/16 AVVIKLING AV DRAGSUNDBYGG IKS - OVERTAKING AV SELSKAPET

Møtebehandling:

Leiar for eigedomsavdelinga Robert Myklebust orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 19.04.2016

1. Herøy kommune tek over passiva og aktiva i Dragsundbygg IKS og løyser ut dei andre eigarane slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Kjøpesummen (totalt kr 5.040.958,-) vert finansiert ved overtaking/bruk av lån (om lag 2,8 mill kr), Herøy kommune sin opptente EK i selskapet (om lag 1,5 mill kr), samt bruk av fondsmidlar (om lag 0,7 mill kr).

PS 66/16 ØKONOMISK AVSLUTNING - 51152 - VEG OVER KLEPPEÅSEN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.04.2016

1. Prosjektrekneskapen vert godkjend med eit totalt forbruk på kr. 1.389.195 (eks. mva)
2. Meirforbruket på 389.195 (eks. mva) vert finansiert ved låneopptak

PS 67/16 DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 35, BNR. 31 MFL. I FOSNAVÅG - STADFESTING AV PLANPROGRAM

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide og leiar for utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller orienterte.

Ap, Svein Gjelseth fremja forslag om å utsette saka.

Svein Gjelseth sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Saka vert utsett.

PS 68/16 DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 20, BNR. 27 MFL. PÅ FRØYSTAD - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.04.2016

Herøy kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12 detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist datert **30.3.2016**.

PS 69/16 PLAN FOR REDUKSJON I DRIFTSUTGIFTER/NEDBEMANNING.

Møtebehandling:

Ap, Svein Gjølseth kom med slikt tillegg til tilrådinga:
Kommunestyret bed administrasjonen jobbe aktivt vidare for å nå målsettinga vedteke i budsjettet for 2016 om reduksjon driftsutgifter/nedbemanning.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 19.04.2016

Kommunestyret sluttar seg til planen for reduksjon av driftsutgifter/nedbemanning slik han går fram av saksutgreiinga.

Kommunestyret bed administrasjonen jobbe aktivt vidare for å nå målsettinga vedteke i budsjettet for 2016 om reduksjon driftsutgifter/nedbemanning.

PS 70/16 INTENSJONSAVTALE MELLOM HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN OG VANYLVEN.

Møtebehandling:

Uttale frå Fagforbundet i Herøy kring intensjonsavtalen «Runde kommune» vart delt ut i møte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 19.04.2016

Kommunestyret vedtek å legge intensjonsavtalen datert 30.03.2016 fram for folkerøysting 19.mai.

PS 71/16 KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR GANG- OG SYKKELVEG LANGS DELER AV FV 10 MOLTUSTRANDA

Møtebehandling:

Epost frå Hugo Brathaug datert 19.04.16 – Klage reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda vart delt ut i møtet.

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.04.2016

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagene frå Rolf Moltu, Bjørnar Tarberg, Olga Maspanova, Sjøsiden Eiendomsselskap AS og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i

høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 gjennom Moltustranda vart vedteke endra i møte 28.01.2016. Klagene vert difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 5/16.

Klager og tilhøyrande saksdokument vert oversendt fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

PS 72/16 MS VENTURA - RESERVASJON AV NÆRINGSTOMT I OMRÅDE SP1 PÅ LEINE FISKERIHAMN

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

1. M/S Ventura v/Martin Leinebø får reservert næringstomt og kaiareal som vist på vedlagt kartutsnitt innanfor området «SP1» og «Kai» på Leine fiskerihamn.
2. Reservasjonen gjeld i eitt år rekna frå dato for Formannskapets handsaming av saka og på dei vilkår som gjeld for tildeling av næringstomter
3. Ordførar får fullmakt til å gjennomføre sal av tomte ved utløp av reservasjonstida.
4. Tidlegare reservasjon av næringstomt i indre del av hamna fell bort

PS 73/16 REGULERINGSENDRING FOR ASPEVIKA - UTLEGGING AV PLANFORSLAGT TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, å leggje vedlagt framlegg til reguleringsendring for gnr. 50 bnr. 4 m. fl Aspevika, ut til offentleg ettersyn i seks veker.

PS 74/16 IF ELEKTRO - RESERVASJON AV NÆRINGSTOMT PÅ INDRE LEINE HAMN

Møtebehandling:

Leiar for utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

1. IF- Elektro AS v/Idar Frøystad får reservert næringstomt i området som vist på vedlagt kartutsnitt på indre Leine hamn.
2. Reservasjon av næringstomt blir gitt med atterhald om at det blir gjennomført ei reguleringsendring av området til næringsformål. Reguleringsendringa skal skje i privat regi.
3. Reservasjonen gjeld i **3 år** rekna frå dato for Formannskapetets handsaming av saka og på dei vilkår som gjeld for tildeling av næringstomter
4. Ordførar får fullmakt til å gjennomføre sal av tomte ved utløp av reservasjonstida.

PS 75/16 DETALJREGULERINGSPLAN FOR DELER AV KVALSVIK HAMN - OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, å leggje vedlagt framlegg til reguleringsplan for gnr. 7 bnr. 4 m. fl Kvalsvik hamn, ut til offentleg ettersyn i seks veker.

PS 76/16 DETALJREGULERINGSPLAN FOR GJERTNESMARKA - OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, å leggje vedlagt framlegg til reguleringsplan for gnr. 23 bnr. 48 m. fl Gjertnesmarka, ut til offentleg ettersyn i seks veker.

PS 77/16 HERØY OMSORGSSENTER - BLÅ AVDELING - MINDRE OMBYGGING - FINANSIERING

Møtebehandling:

Formannskapet vedtok å lukke møtet under orientering i F-sak 77/16 med heimel i KL §31 nr. 2.

Leiar før blå avdelinga Julianne Higrapp og leiar for eigedomsavdelinga orienterte. Under røysting og vedtak vart møtet åpna.

Saka vert avgjort av formannskapet. «Hasteparagraf» jfr. Kommuneleova § 13.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

1. Kommunestyret ber rådmannen om å gjennomføre bygningsmessige tiltak ved Herøy omsorgssenter – blå avdeling, slik desse er beskrive i saksframstillinga.
2. Kommunestyret godkjenner slik omdisponering av løyvde investeringsmidlar:

Prosjekt	Merknad	Beløp
61504	Omdisponering til prosjekt 61601	Ned 200 000,-
61601	Omdisponering frå prosjekt 61504	Opp 200 000,-
Sum	Endring i samla låneopptak	0,-

PS 78/16 TILRETTELEGGING FOR VIDARE UMLEIGE AV DRAGSUNDBYGG

Møtebehandling:

Ap, Svein Gjelseth kom med slikt framlegg:

«Administrasjonen får fullmakt til å hente inn anbod og køyre prosessen for å vere med i konkurranse om ny kontrakt med Mattilsynet for nye 10 år pluss opsjon. Formannskapet bed om å verte løpande orientert om framdrifta i saka»

Framlegget frå Svein Gjelseth vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

Administrasjonen får fullmakt til å hente inn anbod og køyre prosessen for å vere med i konkurranse om ny kontrakt med Mattilsynet for nye 10 år pluss opsjon. Formannskapet bed om å verte løpande orientert om framdrifta i saka

MØTET SLUTT!